



2 elevar og 1 lærar i arbeid under verkstaden ikveld

**Sjakkverkstad er eit nytt innslag i Festidalen og det starta i dag i KV-lokala. Diverre møtte det berre 2 elevar - Haldor Tveit og Torvald Karlsen, men Tveit vonar at det kjem fleire imorgon. Han kan i alle fall frista med ein framifrå lærar - Ole Valaker - som ikkje minst har spesialisert seg på suksessen til Magnus Carlsen, Naturleg nok hadde han mykje Carlsen-stoff å formidla i dag. Valaker har også skriva bok saman med meisteren. Her er eit av mange sitat: - Eg må ha lært alt før eg tek til å skapa sjølv!**

Fredag tek verkstaden til klokka 14 og laurdag klokka 11 vert han avslutta. Siste punkt er at Valaker held foredrag om Carlsen og karrieren hans. Då kjem han sikkert også med synspunk på kvifor han har vorte så god. Men Valvatne konsentrerer seg ikkje berre om ein elitespelar - i Bergen er han også engasjert i bornesjakk.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen